



Per Thorgersen
Alverneset 10
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/5780 - 23/63860

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
22.08.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 137/288

Tiltak: Dispensasjon for arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 137/288
Tiltakshavar: Per Thorgersen
Ansvarleg søkjar: Per Thorgersen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.07.2023.

Det er søkt om dispensasjon for arealoverføring mellom gbnr 137/288 og gbnr 137/549 samt for etablering av naust på eigedom gbnr 137/288. Vi har delt opp søknaden då desse tiltaka er sjølvstendige tiltak etter plan- og bygningslova § 1-6. I det nedanståande er det berre vurdert i høve tiltaket arealoverføring, sjå eige skriv i høve naust.

Planstatus

Eigedomen og dei aktuelle areala av omfatta av kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen. Delar av areala er avsett til bustadføreml medan hovuddelen av arealet av avsett til naust med feltnamn BAB1.

I søknad om dispensasjon viser de til at det i høve til kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen pkt. 2.2.1 ikkje er plankrav til tiltaka.

Hovuddelen av dei aktuelle tiltaka de søker om ligg i område BAB1 i nemnde KDP. I KDP pkt. 2.2.1, 3 avsnitt (s. 6) går det fram at unntaka som de meiner å gjere seg gjeldande i dykkar sak, ikkje gjeld for område lista opp i tabell i KDP pkt. 2.2.2. Område BAB1 er lista opp i tabell under KDP pkt. 2.2.2.

I høve planlagt arealoverføring så vil det ikkje vere krav om dispensasjon frå plankravet då arealet skal overførast til ein eksisterande eigedom som er bebygd med naust, og då det i KDP pkt. 2.2.1, 5. avsnitt er spesifisert at arealoverføring av inntil 200 m² samla areal etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m kan gjennomførast utan reguleringsplan så framti overføring ikkje vert til hinder for framtidig regulering og/eller gjennomføring av plan vert vanskeleggjort av overføringa.

I høve planlagd naust så utløyser planlagd naust krav om detaljregulering etter KDP pkt. 2.2.2 og de vil måtte søkje om dispensasjon frå dette.

Arealformål

Delar av arealet som er søkt overført og delar av det planlagde naustet ligg både på areal avsett til bustadformål og areal avsett til naust. Etter planlagd tiltak vil bruken av areala i heilsakap vere til naustformål, dette medfører at tiltaka også krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå arealformålet bustad til den framtidige planlagde bruken.

Tiltaket krev at det vert søkt om dispensasjon frå arealbruk, delar av arealet som er søkt frådelt er avsett til bustadformål, medan mottakar eigedomen er avsett til naust/fritid. Det same gjeld med omsyn til planlagt naust her kan det sjå ut som om at delar av arealet er avsett til bustadformål, medan hovuddelen av naustet vert liggjande på areal avsett til naust/fritid. Søknaden må supplerast med søknad om dispensasjon frå nemnde arealformål.

Søknad om dispensasjon har krav til nabovarsling jf. plan- og bygningslova § 21-3, dersom de meiner det ikkje er naudsynt å varsle naboar- og gjenbuarar så må de gjere greie for det.

Nabovarsling

Vi kan ikkje sjå at gjenbuar på eigedom gbnr 137/703 er varsla om planlagd arealoverføring. Det må sendast inn dokumentasjon på at varsling er gjennomført jf. plan- og bygningslova § 21-3.

Vi treng meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå arealformålet bustad til framtidig bruk som arealformålet naust. Søknad om dispensasjon skal nabovarslast jf. plan- og bygningslova § 21-3.
2. Dokumentasjon på at gbnr 137/703 er nabovarsla om arealoverføringa.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 18.09.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Per Thorgersen

Alverneset 10

5916

ISDALSTØ